



Telemarkinger gjorde det skarpt i utstillingen for to år sidan - Signe Mosebø og Ann Kristin Øien med Eino og Tito

Under elghundutstillingen på Grusbana imorgon laurdag vert det klår deltakar-rekord med 49 hundar.

Det melder ein opprømt Anita Lie i føremiddag. 10 av hundane er grå og 2 er jāmthundar. Utstillingen har på få år sikra sin posisjon som den største utstillingav svarthundar her i landet og Hordaland Elghundklubb kan notera seg for ein skikkeleg suksess.

Arrangementet tek til allereie i kveld med sosialt samver og utstillingen startar klokka 10 i morgon.



Fargerik sløyfeflora som fristar i Uskedalen i morgon

Jämthunden er for mange eit litt spesielt innslag, men ikkje desto mindre er dette Sveriges nasjonalhund og den største av dei nordiske hunderasane. Det antas at den er svært gamal men den vart anerkjent som eigen rase i 1946.

Mens den svarte elghunden dominerar her vest er den grå i spissen på Austlandet.

Den svarte har ord på seg for å vera uredd og psykisk sterk og er ein roleg, hengiven hund som knytter seg sterkt til familien. På midten av 1950-talet var rasennærmast utdøyande men nokre eldsjelar gjorde ein stor innsats slik at hunden igjen fekk vind i segla. No er det årlege registreringstalet av valpar mellom 90 og 150.

Men det stoppar ikkje med utstillingen i Uskedalen. Som i fjor skal den framgangsrike, lokale oppdrettar Tore Storhaug ha bandhundkurs i Tveitedalen søndag - også det med god deltaking.

Det teiknar altså til å bli ei stor helg for elghundfolket her i Kvinnherad.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Anita Lie